



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvallsak
Plan- og miljøutvalet	20.03.2024	34/24

Oppstart namnesak - Rauland sentrum og Rauland

Vedlegg

- 1 Vinje kommune- namnesak Rauland sentrum
- 2 Heradsregisteret, Krossen camp., side 1
- 3 Heradsregisteret, Krossen camp., side 2

Dokument i saka

Namnesak vedk. Rauland sentrum (datert 06.11.2023, arkivsak 22/126, nr. 42)

Bakgrunn

Oppstart av namnesak i Vinje kommune – *Rauland sentrum* (tettstadnamn) og *Rauland* (bygdenamn). Denne saka byggjer på ein tidlegare førespurnad om namnesak, der det vart avklara at namnet *Rauland* ikkje er i bruk i SSR som tettstadnamn eller namn på bygd.

Sentralt stadnamnregister (SSR) ved Kartverket er Noregs nasjonale register for skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk. Alle namnevedtak kommunen gjer, skal først i dette registeret.

Opphavleg førespurnad om namnesak – Krossen

Vinje kommune fekk 06.11.2023 ein førespurnad frå Rauland historielag om å opprette namnesak på mellom anna *Krossen* i Rauland sentrum. Kartverket opplyste om at dette er eit tettstadnamn, og dermed er kommunen vedtaksmynde, jf. lov om stadnamn § 7 fyrste ledd. Kommunen kan derfor sjølv reise namnesak, og deretter vedta skrivemåten etter at saka har vore på høyring, og stadnamntenesta i Språkrådet har gitt si tilråding. I den opphavlege førespurnaden frå historielaget var *Kryset* sett opp som alternativet til *Krossen*. Når det no er snakk om namnet på tettstaden (til forskjell frå eit vanleg stadnamn) er det gjort ei ny vurdering.

Ny førespurnad om namnesak, 10.01.2024 – Rauland sentrum (tettstadnamn)

Rauland historielag ynskjer, i tråd med stadnamnlova § 6 punkt c, å starte opp ei namnesak på tettstadnamnet *Krossen*, der *Rauland sentrum* vert satt opp som det offisielle namnet.

Grunngjevinga er at *Rauland* blir bruka om eit større geografisk område, og at *Rauland sentrum* derfor vil vera eit sjølvforklarande namn sidan det er sentrumet i bygda. Det leggjast til at *Rauland sentrum* blir bruka av mange i dag, fastbuande, hyttefolk og andre.

Vurdering

På folkemunne er det mange som brukar namnet *Rauland sentrum* om *Krossen*, men sjølve namnet *Rauland* er ikkje bruka i SSR om tettstaden eller bygda rundt. Namnet *Rauland* er likevel i vanleg bruk som namnet på bygda, og er mellom anna i Store norske leksikon omtala som ei bygd. *Rauland* er ålment bruka som namnet på bygda, og bør først inn i SSR.



Kartutsnittet viser tettstaden Krossen i 2023, kartløyning frå SSB.

Når det gjeld namnet *Krossen* finn ein att dette i Heradsregisteret (sjå vedlegg 2 og 3) under innføringa *Krossen camp*.

«Opplysn.: Forretnings- og skulesentrum, vegkryss. Vegvesenet fann på å nytte dette namnet kring 1950. Seinare lokal namnekonkurrans og framlegg om Raudsand, men dette vart avvist av dei som budde der. Nyare uttale helst krysset. Staden hadde ikkje namn før. Før vegen og vegkrysset kom, var det berre skog der.»

Konklusjon

Sidan namnet *Rauland* er i ålmen bruk som namn på bygda bør dette og gå fram av stadnamnregisteret SSR. Difor ynskjer rådmannen å starte opp ei namnesak på bygdenamnet *Rauland* i tillegg til førespurnaden frå Rauland historielag om namnesak på tettstadnamnet *Rauland sentrum*.

Kommunen er vedtaksmynde for namn på både tettstad og bygd, jf. lov om stadnamn § 7 fyrste ledd. Reglane om skrivemåte og saksbehandling etter stadnamnlova gjeld i alle namnesaker der kommunen er vedtaksorgan. Etter vedtak om oppstart av namnesak vert saka sendt på høyring i to månadar, der høyringspartane får uttale seg om både val av namn og skrivemåte. Etter høyringsperioden skal saka leggast fram for stadnamntenesta i Språkrådet for tilråding før politisk handsaming i plan- og miljøutvalet. Plan- og miljøutvalet er kommunens namnemynde og har ansvar for namnevedtak og gjer vedtak om skrivemåte for stad-/adressenamn etter reglane i lov om stadnamn, jf. adresseforskrift for Vinje kommune, Telemark.

Rådmannens framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek oppstart av namnesak på namn på bygd – *Rauland* – og namn på tettstad – *Rauland sentrum*, og at namnesaka leggjast ut på høyring, jf. stadnamnlova § 8 fyrste ledd.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 34/2024 i møtet den 20.03.2024

Røysting

Rådmannens framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek oppstart av namnesak på namn på bygd – *Rauland* – og namn på tettstad – *Rauland sentrum*, og at namnesaka leggjast ut på høyring, jf. stadnamnlova § 8 fyrste ledd.

Saksframlegg er godkjent av , .